



Hardangerrådet iks



Hardcruise AS  
v/Hans Parnefält  
[hans@hardcruise.no](mailto:hans@hardcruise.no)

## **Uttale frå Hardangerrådet vedr. Hardcruise sine planar for miljøvenleg elektrisk passasjerskip i Hardanger.**

Hardangerrådet hadde 14.03.2019 gleda av å få ein presentasjon av planane om å etablera cruisetrafikk på Hardangerfjorden. basert på elektriske, miljøvenlege skip.

I åra framover vil miljøfokus og berekraftige løysingar danna grunnlag for alle tiltak og prosjekt som skal igangsetjast eller vidareførast. For Hardanger er cruisetrafikken ei av reiselivsaktivitetane som vi forventar vil verta underlagt nye og strengare miljøkrav framover.

Frå 1. mars 2019 er det innført nye miljøkrav for utslepp til luft, kloakk og gråvatn i verdsarvfjordane Nærøyfjorden, Aurlandsfjorden, Geirangerfjorden, Synnulvsfjorden og Tafjorden. Det er forventa at desse nye krava etterkvart vil verta innført for alle fjordar i Norge. Med dette som bakgrunn er prosjektet som Hardcruise no arbeider med svært positivt i eit miljøperspektiv. Hardangerrådet ser svært positivt på at det kan etablerast eit utsleppsfritt "slowcruise" i Hardangerfjorden slik det går fram av planane.

Reiselivet er i Hardangerregionen er i vekst og det krev at regionen i framtida legg tilrette for verdiskaping gjennom ny turisme samstundes som ein ivaretar hensynet til val av berekraftige løysingar.

Hardcruise sine planar inneber lang liggetid i hamnene i Hardanger og dermed auka potensiale for verdiskaping gjennom landbaserte aktivitetar. Planane føreset at passasjerane vil få mykje tid iland i kvar hamn og dermed kunne nytta dei lokale tilboda som finst. Serveringsstader som leverer lokal mat og drikke, lokal kultur- og naturopplevingar er med på å gjera eit slikt "slowcruise"-konsept svært interessant for Hardanger.

Hardangerrådet ser svært positivt på om desse planane kan realiserast. Gjennom nullutsleppstrategien, storleiken på skipa og seglingsplanane som føreset stor bruk av lokale ressursar vil Hardangerkommunane sine krav til miljø, lokal verdiskaping og berekraft vera innfridde gjennom dette prosjektet.

Kinsarvik 29.04.2019

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.  
Hardangerrådet iks signerar digitalt